

Strategi- og næringsavdelinga

Arkivsak 200800581-24
Arkivnr. 027
Saksh. Torgersen, Matti

Saksgang

Vestlandsrådet

Møtedato

24.04.2008 - 25.04.2008

FORVALTINGSREFORMA - HØYRINGSUTTALE

SAMANDRAG

Regjeringa la fram høyringsnotat om regionreforma 26. februar med høyringsfrist 30. april 2008. Høyringsnotatet inneheld ei konkretisering av dei oppgåvene som vart varslet i St.meld. nr. 12 (2006-2007) *Regionale fortrinn - regional framtid* og Stortingets behandling av denne, jf. Innst. S. nr. 166 (2006-2007). Fylkeskommunane er høyringsinstans, og alle fylkeskommunane tek sikte på å uttale seg før møtet i Vestlandsrådet.

Fylkesrådmannen finn det naturleg at Vestlandsrådet også uttaler seg om saka. Ein har vurdert oppgåvene som er føreslått overførte til regionalt folkevald nivå i høve til utgreiinga "Vestlandsregion eller vidare samarbeid" som dei tre fylkeskommunane Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fekk utarbeidd i 2005.

Dei føreslåtte oppgåvene er ikkje så omfattande som det som vart lagt opp til då reforma vart presentert, og det er også ein heil del sentrale verkemiddel på regionalt nivå som ikkje blir overført til fylkeskommunane. Dette er etter mi meining klårt uheldig, og svekkjar legitimiteten til reforma.

Fylkesrådmannen meiner det er særleg uheldig at det ikkje er lagt opp til langt meir omfattande overføringar av oppgåver frå fylkesmennene innan landbruk og miljøområdet. Vidare bør langt større delar av norsk kulturpolitikk bør overførast til regionalt folkevald nivå.

Fylkesrådmannen peiker også på andre områder der det er muleg å styrkje det regionalpolitiske handlingsrommet innan dei oppgåvene som er føreslått overførte. Det er likevel slik at dei oppgåvene som er føreslått overført til fylkeskommunane, er oppgåver som vil styrkje det regionalpolitiske nivået.

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Vestlandsrådet er positiv til at fylkeskommunane vert styrkt på fleire område. Dette vil styrkje det demokratisk valde regionnivået, og gi eit grunnlag for ein meir heilskapleg utviklingspolitikk på regionalt nivå.
2. Vestlandsrådet meiner at innhaldet i høyringsnotatet ikkje samsvarar med ambisjonane. Vidare er det prega av ei sektorvis tilnærming der heilskapsperspektivet manglar. Rådet forventar at dette vert retta opp i Ot. Prp om reforma.
3. Vestlandsrådet er spesielt kritisk til at ein har utsett spørsmålet om kva for oppgåver innan miljø- og landbruksområdet som skal overtakast av regionane. Under handsaming av St. meld. Nr 12 (2006-2007) understreka Stortinget at dei fleste av desse oppgåvene skal overførast til regionane. Vi meiner difor at høyringsnotatet ikkje er i tråd med Stortinget sine føresetnader.
4. Vidare meiner Vestlandsrådet at oppgåver som i dag er lagt til Norsk Kulturråd og andre oppgåver innan kulturpolitikk må kunne overførast til regionalt folkevald nivå innanfor modellen med forsterka fylkeskommune.
5. Vestlandsrådet meiner følgjande oppgåver må presiserast i den varsla Odelstingsproposisjonen:
 - a. Regionane skal ha ein samordningsfunksjon innan kollektivtransport, inklusiv togtilbod og ekspressbuss
 - b. Styrefordeling i Innovasjon Norge må gjenspegla eigarsamansettinga.
 - c. Innføring av forpliktande konsultasjonsordningar med høgskular og regionane.
 - d. Fullt ansvar for forvalting av spelemidlane til kulturbygg og til lokale og regionale idrettsanlegg, samt til regionale og lokale bygg og anlegg
 - e. Overføring av personell knytt til strategi- og planfunksjonane ved Statens vegvesen.
6. Vestlandsrådet forventar at regionane får økonomiske rammevilkår som gjer det muleg å gjennomføre dei nemnde oppgåver.
7. Regionale forskingsfond er eit nytt interessant grep, men det er naudsynt staten kjem inn med betydelege friske midlar og at fondet vert fullfinansiert ved oppstart i 2010.

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Vedlegg: Utskrift av møtebok i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane

Bakgrunn

Regjeringa la fram høyringsnotat om regionreforma 26. februar med høyringsfrist 30. april 2008. Høyringsnotatet inneheld ei konkretisering av dei oppgåvene som vart varslet i St.meld. nr. 12 (2006-2007) *Regionale fortrinn - regional framtid* og Stortingets behandling av denne, jf. Innst. S. nr. 166 (2006-2007).

Vedtaka i saka frå fylkestinga i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane følgjer vedlagt. Vedtaka til fylkestinga i Hordaland og i Rogaland vert omdelt under møtet.

Tidlegare handsaming av spørsmålet om regionreform i Vestlandsrådet

Vestlandsrådet har fleire gonger hatt spørsmålet om tilhøvet til regionreforma til høyring.

Vestlandsrådet fekk i 2005 utarbeidd ein rapport om "Vestlandsregion eller vidare samarbeid" som gikk på brei høyring til kommunar, diverse organisasjonar og til statlege etatar. Møre og Romsdal fylke var ikkje med på å utarbeide rapporten.

Rapporten vart handsama av Vestlandsrådet i november 2005, og det vart gjort slikt vedtak:

1. *Vestlandsrådet meiner at utgreiinga "Vestlandsregion eller vidare samarbeid" og høyringsuttalene er eit godt fundament for vidare arbeid med å utvikle sterke regionar.*
2. *Vestlandsrådet vil, med utgangspunkt i utgreiinga, og med å vise til Soria Moriaerklæringa til regjeringa om Lokal samfunn og regionalpolitikk, arbeide aktivt andsynes sentrale styresmakter med sikte på reell desentralisering av statlege oppgåver og myndigheit til nye sterke folkevalde regionar.*
3. *Vestlandsrådet legg til grunn at det ikkje lenger er grunnlag for å arbeide vidare med andre modellar som alternativ til sterke folkevalde regionar.*
4. *Vestlandsrådet legg til grunn at nye sterke direkte folkevalde regionar skal vere etablert seinast innan 1. januar 2010.*

Dei fire fylkestinga gjorde i desember 2005 ulike vedtak i desember 2005. Det vart difor ikkje grunnlag for å gå vidare på spørsmålet om Vestlandsregion.

Etter at Stortinget la fram St. meld. nr. 12 (2006-2007) *Regionale fortrinn – Regional framtid*, gjorde Vestlandsrådet slikt vedtak 18. jan 2007:

1. *Vestlandsrådet vil møte samlet til høring i Stortinget om st.m.12.*
2. *Oppgaver slik de er definert i utredningen "Sterke regioner. Premisser oppgaver og inndeling ved en forvaltningsreform" legges til grunn for høringen.*
3. *De respektive fylkeskommunene i Vestlandsrådet vil selv legge opp til egne prosesser i forbindelse med høringen om inndeling av det regionale nivå.*
4. *Vestlandsrådet legger til grunn at medlemmene holder hverandre orientert om dette arbeidet.*

7. juni 2008 vart Vestlandsrådet orienterte om vedtaka i dei respektive fylkestinga om vedtaka i spørsmål om geografisk inndeling.

Kort om innhaldet i høyringsnotat om regionreforma

Det vert ikkje gått detaljert igjennom te saksframlegget går ikkje detaljert igjennom reforma, ettersom dette er gjort nærare greie for i dei einskilde saksframlegga til fylkestinga. Men stikkordsmessig kan vi

kan dele inn reforma i hovudpolitikkområde, der punkta under viser i korte trekk kva for oppgåver som er førelått er: Politikkområda er slik KS har delt dei inn.

- *Næringsutvikling – innovasjon - kompetanse/FoU*
 - Delt eigarskap Innovasjon Norge mellom stat og fylkeskommune
 - Regionale utviklingsselskap i samarbeid med SIVA
 - Regionale forskingsfond
 - Oppgåver innan akvakultur og fiske
 - Landbruk uavklart (BU-midlar og verdiskapingsprogram)
- *Miljø – klima – energi*
 - Områdevern uavklart
 - Klima
- *Kultur – idrett – friluftsliv - folkehelse*
 - Spelemidlane og andre midlar til kulturbygg og til lokale og regionale idrettsanlegg,
 - Folkehelse
 - Fylkesmannen sine oppgåver innan friluftsliv
 - Kulturområdet uavklart, m.a. visse oppgåver innan Norsk kulturråd
- *Regional planlegging*
 - Utforming av regional planstrategi
 - Mulegheit for å binda arealbruk
- *Opplæring*
 - Fagskuleutdanninga
 - Utviklingsarbeid grunnskulen frå fylkesmannen

I utgreiinga ”Vestlandsregion eller vidare samarbeid” vart det vurdert kva for oppgåver som burde gå over til regionalt folkevald nivå. Oppgåver som vart nemnt i utgreiinga, og som ikkje – i alle fall førebels – ikkje er omfatta av reforma, er først og fremst oppgåver som i dag ligg hos fylkesmannen innan miljø og landbruk. Det er ikkje teke stilling til kva for oppgåver som skal gå til folkevald regionalt nivå.

Vidare gjeld dette oppgåver innan kulturpolitikken. Høyringsnotatet varslar at regjeringa vil kome attende til oppgåvefordeling innan arkiv, bibliotek, rikskonsertane, scenekunstfeltet og Norsk Kulturråd.

På fleire oppgåver er det teke ei rekkje atterhald og avgrensingar når det gjeld overføring av oppgåver.

Vurdering

Fylkeskommunane er høyringsinstans, og det er eit spørsmål om Vestlandsrådet skal uttale seg om saka. Vestlandsrådet står ikkje på høyringslista, men det er sjølvsagt likevel ikkje til hinder for å uttale seg likevel. Eg legg merke til at Landsdelsutvalget for Nord-Norge står på høyringslista.

Fylkesrådmannen meiner det vil vere føremålstenleg å forsterka uttalene frå fylkeskommunane gjennom ei felles uttale gjennom Vestlandsrådet.

Dei føreslåtte oppgåvene er ikkje så omfattande som det som vart lagt opp til då reforma vart presentert, og det er også ein heil del sentrale verkemiddel på regionalt nivå som ikkje blir overført til fylkeskommunane. Dette er etter mi meining klårt uheldig, og svekkjar legitimiteten til reforma.

Eg meiner det er særleg uheldig at det ikkje er lagt opp til langt meir omfattande overføringar av oppgåver frå fylkesmennene innan landbruk og miljøområdet. Derneft at høyringsnotatet legg opp til at oppgåver som i dag vert ivareteke av Norsk kulturråd berre skal vurderast dersom det blir store regionar. Eg meiner at langt større delar av norsk kulturpolitikk bør overførast til regionalt folkevald nivå.

På fleire andre områder vonar eg det vil vere muleg å styrkje det regionalpolitiske handlingsrommet innan dei oppgåvene som er føreslått overførte. Dette gjeld innan kollektivtransport, styrefordelinga i Innovasjon Norge, forholdet til høgskulane og spelemidla til kulturbygg og til lokale og regionale

idrettsanlegg, samt til regionale og lokale bygg og anlegg. Vidare må det overførast personell knytt til planfunksjonane ved Statens vegvesen.

Regionale forskingsfond er eit nytt interessant grep, men det er naudsynt staten kjem inn med betydelege friske midlar og at fondet vert fullfinansiert ved oppstart i 2010. Norges Forskingsråd rår til at fonda samla sett bør gje ei avkastning på kr. 300 – 400 mill NOK årleg.

Det er likevel slik at dei oppgåvene som er føreslått overført til fylkeskommunane, er oppgåver som vil styrkje det regionalpolitiske nivået.

Ellen Solheim sette fram slikt forslag I:

”Vestlandsrådet mener at samlet sett må alle oppgaver fylkesmannen i dag har, som innebærer utøvelse av skjønn, overføres til de nye regionene, slik at fylkesmannen blir sittende igjen med tilsyns- og kontrolloppgaver.”

Ellen Solheim sette fram slikt forslag II:

”De nye regionene bør få ansvar for spesialisthelsetjenesten, som blant annet sykehusene, barneverninstitusjonene, rusomsorgen og de distriktpsykiatriske sentrene.”

Jarle Braut sette fram slikt forslag til nytt punkt:

”Vestlandsrådet ber om at Einskapsfylkemonellen kan få prøvefylkestatus som ein del av forvaltningreformen.”

Jon Aasen sette fram slikt forslag til pkt. 5, nytt bokstavpunkt f:

”Det må vere ein absolutt føresetnad for overføring av ansvaret for øvrige riksvegar at kostnadene blir kompensert fullt ut utan at vegnettet blir ovelevert i forsvarleg stand.”

Gisle Handeland sette fram slikt forslag:

”I samband med overføring av ansvaret for øvrige riksvegar til det folkevalde regionale nivået, finn Vestlandsrådet det uakseptabelt at dette vert gjort utan kompensasjon for standardheving på det same vegnettet. Staten må sørge for at det øvrige riksvegnettet vert overført til det folkevalde regionale nivået på ein forsvarleg måte.”

Jon Aasen trekte sitt forslag.

Anita Egeli sette fram slikt forslag:

”Vestlandsrådet konstaterer at regionsreformens opprinnelige intensjon ikke har vært gjennomførbar. Således er regionsreformen et navnebytte. Det mest fornuftige vil være å legge ned fylkene, fordele oppgavene mellom kommunene og staten.

Stortingsmeldingen om nye regionsgrenser vil, etter hva Vestlandsrådet oppfatter, ikke bli utarbeidet. Dette aktualiserer samtidig spørsmålet om en kommunereform der kommunene får økt makt og selvbestemmelse.

Den eneste vesentlige oppgaven fylkeskommunen tilføres er rollen som overkommune i plan og arealsaker. Dette betyr at det lokale selvstyret svekkes betraktelig. Vestlandsrådet påpeker intensjonen om å ”desentralisere makt og myndighet”. Fylkeskommunens rolle som overkommune i plan- og arealsaker er et brudd på denne intensjonen.

Hordaland fylkeskommune vil også bemerke at i den grad fylkeskommunen skal overta ansvaret for de nye regionvegene må det betinge et konkret finansieringsopplegg for å ta igjen statens vedlikeholdsetterslep.”

Røysting

Handeland sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (Braut, Tvedt, Solheim).

Braut sitt forslag fekk 7 røyster (Aasen, Grimstad, Gjerde, Aarebrot Madsen, Solheim, Braut, Børslien) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 4 røyster (Egeli, Kvalsvik, Nilsen, Grimstad) for Egeli sitt forslag.

Solheim sitt forslag I vart samrøystes vedteke.

Solheim sitt forslag II fekk 7 røyster (Kårbø, Børslien, Solheim, Braut, Sandal, Osland, Gjerde) og fall.

VEDTAK

1. Vestlandsrådet er positiv til at fylkeskommunane vert styrkt på fleire område. Dette vil styrkje det demokratisk valde regionnivået, og gi eit grunnlag for ein meir heilskapleg utviklingspolitikk på regionalt nivå.
2. Vestlandsrådet meiner at innhaldet i høyringsnotatet ikkje samsvarar med ambisjonane. Vidare er det prega av ei sektorvis tilnærming der heilskapsperspektivet manglar. Rådet forventar at dette vert retta opp i Ot. Prp om reforma.
3. Vestlandsrådet er spesielt kritisk til at ein har utsett spørsmålet om kva for oppgåver innan miljø- og landbruksområdet som skal overtakast av regionane. Under handsaming av St. meld. Nr 12 (2006-2007) understreka Stortinget at dei fleste av desse oppgåvene skal overførast til regionane. Vi meiner difor at høyringsnotatet ikkje er i tråd med Stortinget sine føresetnader.
4. Vidare meiner Vestlandsrådet at oppgåver som i dag er lagt til Norsk Kulturråd og andre oppgåver innan kulturpolitikk må kunne overførast til regionalt folkevald nivå innanfor modellen med forsterka fylkeskommune.
5. Vestlandsrådet meiner følgjande oppgåver må presiserast i den varsla Odelstingsproposisjonen:
 - a. Regionane skal ha ein samordningsfunksjon innan kollektivtransport, inklusiv togtilbod og ekspressbuss
 - b. Styrefordelinga i Innovasjon Norge må gjenspegla eigarsamansettinga.
 - c. Innføring av forpliktande konsultasjonsordningar med høgskular og regionane.
 - d. Fullt ansvar for forvaltning av spelemidlane til kulturbygg og til lokale og regionale idrettsanlegg, samt til regionale og lokale bygg og anlegg
 - e. Overføring av personell knytt til strategi- og planfunksjonane ved Statens vegvesen.
 - f. I samband med overføring av ansvaret for øvrige riksvegar til det folkevalde regionale nivået, finn Vestlandsrådet det uakseptabelt at dette vert gjort utan kompensasjon for standardheving på det same vegnettet. Staten må sørge for at det øvrige riksvegnettet vert overført til det folkevalde regionale nivået på ein forsvarleg måte.
6. Vestlandsrådet forventar at regionane får økonomiske rammevilkår som gjer det muleg å gjennomføre dei nemnde oppgåver.
7. Regionale forskingsfond er eit nytt interessant grep, men det er naudsynt staten kjem inn med betydelege friske midlar og at fondet vert fullfinansiert ved oppstart i 2010.
8. Vestlandsrådet meiner at samla sett må alle oppgåvene Fylkesmannen i dag har, som inneber utøving av skjønn, vert overført til dei nye regionane, slik at Fylkesmannen blir sitjande igjen med tilsyns- og kontrolloppgåver.